



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** , Teams

**Dato:** 17.10.2022

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
AU 45/22	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 46/22	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 47/22	Referatsaker		
AU 48/22	Orienteringssaker		
AU 49/22	Søknad om oppføring av tilbygg på hytte. Gnr. 22, bnr. 1 Krokevasskvæven. Bykle fjellstyre. Bykle kommune.		2022/7928
AU 50/22	Søknad om dispensasjon til utbetringstiltak på drifteveg i Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 128/1, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag		2022/8650
AU 51/22	Eventuelt		

**AU 45/22 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
**AU 46/22 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**  
**AU 47/22 Referatsaker**  
**AU 48/22 Orienteringssaker**



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

**Postadresse**  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

**Besøksadresse**  
Setesdalsmuseet Rysstad,  
Setesdalsvegen 3273, 4748  
Rysstad

**Kontakt**  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47  
finavjth@statsforvalteren.no  
www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/7928-0

Saksbehandler: Jørn Trygve Haug

Dato: 11.10.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	49/22	17.10.2022

### **Søknad om oppføring av tilbygg på hytte. Gnr. 22, bnr. 1 Krokevasskvæven. Bykle fjellstyre. Bykle kommune.**

#### **Vedlegg:**

#### **1 Søknad om tilbygg\_Bykle fjellstyre**

#### **Forvalters innstilling**

Med heimel i *Forskrift om vern av Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap.4 pkt. 1.3 bokstav c får Bykle fjellstyre løyve til å bygge eit tilbygg på hytta ved Krokevasskvæven gnr. 22, bnr. 1 i Bykle kommune. Storleiken på tilbygget skal maksimalt vera 4.5 m<sup>2</sup> BYA. Vidare vert det gjeven løyve til oppføring av terrasse på maksimalt 4,5 m<sup>2</sup>. Høgde på terrasse skal ikkje overstige 50 cm. over bakkenivå.

#### **Vilkår:**

- Tilbygget skal førast opp med liggjande kledning, farge og taktekke lik eksisterande bygning.
- Grunna nærleik til kalvingsområde for villrein skal byggearbeidet starte tidlegast 1. juli.
- Alt bygningsavfall skal fraktast ut av verneområdet og leverast på godkjend mottak.
- Tiltakshavar skal sende inn bilete av ferdig byggetiltak og gi melding til forvaltningssekretariatet straks byggearbeidet er avslutta.
- Byggeløyvet gjeld fram til 17.10.2025

Som grunngeving legg arbeidsutvalet vekt på at tiltaket er innafor dei arealavgrensingane som er gjeven i forvaltningsplanen og praksis frå tidlegare saker. Hytta ligg i eit viktig del av villreinområdet men ei forsiktig standardheving vil i liten grad føre til auka bruk av hytta. Tiltaket vil heller ikkje auke overnattingskapasiteten. Tilbygget er avgrensa i storleik og vil difor ha liten negativ påverknad på landskapet.

Før igangsetting må Bykle fjellstyre hente inn naudsynt tillating frå Bykle kommune og Statskog som grunneigar.



Ved bruk av snøscooter eller helikopter til frakt av materiale og utstyr må dette søkask om særskilt.

## Saksopplysninger

Bykle fjellstyre har søkt om å føre opp tilbygg og terrasse ved fjellstyrehytta ved Krokevasskvæven i Bykle kommune. Hytta ligg i *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde*. Tilbygget er for å skjerme inngangspartiet samt gi betre plass for å sette frå seg sekkar og anna utstyr. Tilbygget skal ikkje vera isolert og tiltaket vil ikkje gi noko auke i tal sengeplassar. Eksisterande hytte har storleik 30<sup>2</sup> BYA og med fire sengeplassar. Det er søkt om eit tilbygg på 4,5 m<sup>2</sup> BYA. I tillegg ein terrasse med storleik 4,5 m<sup>2</sup>. Høgda på denne vil bli som golvhøgde i planlagt tilbygg. Til hytta høyrer det også til eit vedskjul/utedo på 2m<sup>2</sup> BYA.

Etter planen skal Bykle fjellstyre køyre inn material og utstyr med snøscooter før 25. april då det etter dette er ein periode med ferdselsforbod i området Vatnedalshei (25.4 – 31.5). Bygging skal ta til etter at vegen inn til Store Urevatn er ope, normalt etter 1. juli.


Det er Statskog som er grunneigar i området. Dei er gjort kjend med søknaden men har inga særskild merknad til denne.

Søknad er lagt ved saka (vedlegg 1). Sjå også bilete og kart nedanfor.

*Bilete hytte og uthus henta frå fjellstyret si heimeside:*



*Plassering av hytta:*



*Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015.

*Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

1. Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
2. Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa.

Av verneforskrifta kap. 4 pkt. 1.1 går det fram at oppføring av bygningar, anlegg og faste innretingar er forbode. Etter verneforskrifta kap. 4 pkt.1.3 bokstav c kan forvaltningsstyresmakta på nærare vilkår gi løyve til mindre tilbygg til eksisterande bygningar. Ein føresetnad er at tiltaket ikkje strir mot verneføremålet.

Tiltak på fjellstyrehytter er omtala i forvaltningsplanen s. 29 – 30. Her er det opna for å kunne tillate ei utviding til maksimalt 50 m<sup>2</sup> BYA. Om særleg behov er dokumentert kan det tillatast større areal.

Den seinare tid har arbeidsutvalet handsama fleire søknadar om bygging av terrasse og platting. I ei sak på Gjuvasslegå i Valle, handsama i arbeidsutvalet 7.4.2022, vart det lagt ein praksis med å tillate inntil 8 m<sup>2</sup>.

## Vurdering

### Vurdering etter naturmangfaldlova

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Kunnskapsgrunnlaget (§8)*

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)), GPS-merkeprosjekt og database for sensitive artsdata.

I naturbasen er området definert som vinterbeite og kalvingsområde for villrein. Ved Store Urevatn rett nord hytta ligg viktige trekkveggar for villrein. Området vert mykje nytta av villrein gjennom heile året, noko som også er stadfesta gjennom GPS-merkeprosjektet.

Når det gjeld andre artar er det ikkje registrert informasjon om prioriterte artar, truga eller nær truga artar jfr. «Norsk rødliste» som vert råka av tiltaket. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalde naturtypar, truga eller nær truga naturtypar i aktuelle området.

Ut frå omtalen ovanfor vurderer ein kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg til å fatte vedtak i saka. § 9 («Føre var prinsippet») vert difor tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

### *Økosystemtilnærming og samla belastning (§ 10 i NML).*

Hytta ligg mellom dei store kraftmagasina Store Urevatn og Blåsjø. Utbygginga av desse har hatt ei stor negativ påverknad på villreinen sin bruk av området. Ved regulering av Store Urevatn forsvann fleire viktige trekkorridorar, og trafikken på anleggsvegen inn til Store Urevatn har fram til no vore av eit slik omfang at det har avgrensa trekkaktiviteten over vegen. Anleggsvegen er som ei prøveordning stengd for ålmenta f.o.m juli 2022.

Bykle fjellstyre har til saman 7 utleiehytter kring Store Urevatn. Motorferdsla i området er avgrensa til bruk av snøscooter til frakt av brensel, proviant og utstyr til dei nemnde hyttene. Kring store Urevatn det også ein del motorferdsel i samband med drift og tilsyn av kraftanlegga.

Hytta ved Krokevasskvæven vert normalt nytta til overnatting om lag 30 døgn i perioden 1. juli – 12. oktober i samband med fiske, reinsjakt og rypejakt. Byggetiltaket vil ikkje endre på dette.

Hytta ligg i eit ope og snautt landskap om lag 1200 m.o.h. Den ligg relativt eksponert i landskapet, i alle fall mot sør-vest. Den avgrensa storleiken på tilbygg og terrasse vil i liten grad gjere den meir eksponert.

### *Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar (§ 11 i NML) og Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (§ 12 i NML)*

Tiltakshavar er ansvarleg for at tiltaket vert gjennomført på ei miljømessig god måte. Det vert sett vilkår for gjennomføring.



## Konklusjon

Søknaden vert innvilga. Tiltaket er innafør dei arealavgrensingane som er gjeven i forvaltningsplanen og praksis frå tidlegare saker. Hytta ligg i eit viktig del av villreinområdet men ei forsiktig standardheving vil i liten grad føre til auka bruk av hytta. Tiltaket vil heller ikkje auke overnattingskapasiteten. Tilbygget er avgrensa i storleik og vil difor ha liten negativ påverknad på landskapet.

Kopi:  
*Bykle kommune*  
*Statsforvaltaren i Agder*  
*Villreinnemnda for setesdalsområdet*  
*Statskog*

## Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

etter plan- og bygningsloven (pbl) § 20-4 og SAK kap. 3

Opplysninger gitt i søknaden eller vedlegg til søknaden vil bli registrert i matrikkelen.

Søkes det om dispensasjon fra plan- og bygningsloven, forskrift eller arealplan?  Ja  Nei

Er det behov for tillatelse/samtykke/uttalelse fra annen myndighet?  Ja  Nei

Hvis ja, så oppfylles ikke vilkårene for 3 ukers saksbehandling, jf. pbl § 21-7 andre ledd

Nabovarsling, jf. pbl 21-3, skal være gjennomført før søknaden sendes kommunen. (Blankett 5154, 5155, 5156).

Foreligger det merknader fra naboer eller gjenboere?  Ja  Nei

Søknaden gjelder							
Eiendom/ byggested	Gnr.	Bnr.	Festenr.	Seksjonsnr.	Bygningsnr.	Bolignr.	Kommune
	22	1					BYKLE
	Adresse			Postnr.	Poststed		
	UREVASSVEGEN 21			4754	BYKLE		
Tiltakets art	Mindre tiltak til bebygd eiendom, pbl § 20-4 og SAK kap. 3						
	<input checked="" type="checkbox"/> Tilbygg < 50 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Frittliggende bygning (ikke boligformål) < 70 m <sup>2</sup> <input type="checkbox"/> Skilt/reklame (SAK10 § 3-1 d)						
	<input type="checkbox"/> Driftsbygning i landbruket med samlet bruksareal (BRA) mindre enn 1000 m <sup>2</sup> , jf. pbl § 20-4 bokstav b) og SAK10 § 3-2						
	<input type="checkbox"/> Midlertidig bygning/konstruksjon/anlegg (som ikke skal plasseres for lengre tidsrom enn 2 år)						
<input type="checkbox"/> Bruksendring fra tilleggsdel til hoveddel eller omvendt innenfor en bruksenhet)							
<input type="checkbox"/> Riving av tiltak som nevnt i SAK10 § 3-1							
<input type="checkbox"/> Oppretting/endring av matrikkelenhet <input type="checkbox"/> Grunn-eiendom <input type="checkbox"/> Anleggs-eiendom <input type="checkbox"/> Festegrunn over 10 år <input type="checkbox"/> Arealoverføring							
<input type="checkbox"/> Annet: <small>Beskriv med egne ord hva du skal gjøre</small>							

Arealdisponering							
Planstatus mv.	Sett kryss for gjeldende plan						
	<input checked="" type="checkbox"/> Arealdel av kommuneplan		<input type="checkbox"/> Reguleringsplan		<input type="checkbox"/> Bebyggelsesplan		<input type="checkbox"/> Eventuelt andre planer
Navn på plan							
Areal	BYA eksisterende	BYA nytt	Sum BYA	BRA eksisterende	BRA nytt	Sum BRA	Tomteareal
	30M <sup>2</sup>	9M <sup>2</sup>	39M <sup>2</sup>	30M <sup>2</sup>	9M <sup>2</sup>	39M <sup>2</sup>	
Grad av utnyttning	Vis beregning av grad av utnyttning. Veiledning finnes på <a href="http://www.dibk.no">www.dibk.no</a> eller kontakt kommunen						

Plassering		
Plassering av tiltaket	Er det strømførende linje/kabel eller nettstasjon/transformator i, over eller i nærheten av tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	
Plassering av tiltaket	Kan vann og avløpsledninger være i konflikt med tiltaket? <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -
	Hvis ja, må avklaring med berørt rettighetshaver være dokumentert	
Avstand	Minste avstand til nabogrense	<input type="text"/> m
	Minste avstand til annen bygning	<input type="text"/> m
	Minste avstand til midten av vei	<input type="text"/> m
Dette skal vises på situasjonsplanen		



Krav til byggegrunn (pbl § 28-1)		
<b>Flom</b> (TEK17 § 7-2)	Skal byggverket plasseres i flomutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Skred</b> (TEK17 § 7-3)	Skal byggverket plasseres i skredutsatt område? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja	Vedlegg nr.
<b>Andre natur- og miljøforhold</b> (pbl § 28-1)	Foreligger det vesentlig utempe som tølge av natur- og miljøforhold? <input checked="" type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Ja Dersom ja, beskriv kompenserende tiltak i vedlegg	Vedlegg nr.

Tilknytning til veg og ledningsnett		
<b>Adkomst</b> vegloven §§ 40-43 pbl § 27-4	Gir tiltaket ny/ændret adkomst <input type="checkbox"/> Ja <input checked="" type="checkbox"/> Nei	Tomta har adkomst til følgende veg som er opparbeidet og åpen for alminnelig ferdsel: <input type="checkbox"/> Riksveg/fylkesveg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Kommunal veg Er avkjøringsstillatelse gitt? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei <input type="checkbox"/> Privat veg Er vegrett sikret ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei
<b>Overvann</b>	Takvann/overvann føres til: <input type="checkbox"/> Avløpssystem <input checked="" type="checkbox"/> Terreng	
<i>Feltene "Vannforsyning" og "Avløp" skal kun fylles ut for driftsbygning i landbruket, midlertidige tiltak eller oppretting av matrikkelenhet.</i>		
<b>Vannforsyning</b> pbl §§ 27-1, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig vannverk <input type="checkbox"/> Privat vannverk* <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, innlagt vann* <input type="checkbox"/> Annen privat vannforsyning, ikke innlagt vann* Dersom vanntilførsel forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	* Beskriv    Vedlegg nr. Q -
<b>Avløp</b> pbl §§ 27-2, 27-3	Tilknytning i forhold til tomta <input type="checkbox"/> Offentlig avløpsanlegg <input type="checkbox"/> Privat avløpsanlegg Skal det installeres vannklosett? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Foreligger utslippstillatelse? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei Dersom avløpsanlegg forutsetter tilknytning til annen privat ledning eller krysser annens grunn, foreligger rettighet ved tinglyst erklæring? <input type="checkbox"/> Ja <input type="checkbox"/> Nei	Vedlegg nr. Q -

Vedlegg			
Beskrivelse av vedlegg	Gruppe	Nr. fra – til	Ikke relevant
Dispensasjonssøknader/innvilget dispensasjon	B	-	<input type="checkbox"/>
Kvittering for nabovarsel/Opplysninger gitt i nabovarsel/nabomerknader/kommentarer til nabomerknader	C	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Situasjonsplan/avkjøringsplan	D	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Tegninger plan, snitt, fasade (eksisterende/ny)	E	-	<input type="checkbox"/>
Redegjørelse/kart	F	-	<input type="checkbox"/>
Uttalelse/vedtak fra annen myndighet SAK10, § 6-2 og pbl § 21-5	I	-	<input type="checkbox"/>
Rekvisisjon av oppmålingsforretning	J	-	<input checked="" type="checkbox"/>
Andre vedlegg	Q	-	<input type="checkbox"/>

Erklæring og underskrift		
<b>Tiltakshaver</b>		
Tiltakshaver forplikter seg til å gjennomføre tiltaket iht. plan- og bygningsloven (pbl), byggt teknisk forskrift og gitt tillatelse.		
Navn <b>BYKLE FJELLSTYRE</b>	Telefon (dagtid)	Mobiltelefon <b>91531895</b>
Adresse <b>9/0 JAN DALEN NEDRE SARV 6</b>	Postnr. <b>4754</b>	Poststed <b>BYKLE</b>
Dato <b>9/9-22</b>	Underskrift <i>Jan D. Dalen</i>	E-post <b>bykle@fjellstyrene.no</b>
Gjentas med blokkbokstaver <b>JAN D. DALEN</b>	Eventuelt organisasjonsnr. <b>994 764 810</b>	

Bykle Kommune

Seksjon for plan- og byggesaker

4754 Bykle

### SØKNAD OM LØYVE TIL OPPFØRING AV TILBYGG HYTTE I BYKLE STATSALLMENNING

Bykle Fjellstyre har ei hytte i Krokevasskvæven (jfr vedlagt kart). Denne vart oppført i 1998/1999.

Hytta har ei grunnflate på 30 m<sup>2</sup> (6 m x 5 m), og den har 4 sengeplasser.

Hytta ligg i verneområdet for Setesdal Vesthei og Ryfylkeheiane (SVR).

Vi ynskjer å føre opp eit tilbygg (inngangsparti og terrasse) på totalt 9 m<sup>2</sup>, både for å skjerme inngang til opphaldsrom/stove, og for å få ein yttergang der brukarane kan setje frå seg sekker og anna utstyr.

Vi ser at dette er nødvendig, då ytterdør i dag går rett inn i opphaldsrom/stove, som igjen medfører fuktskade på golv innanfor ytterdør.

Tilbygg inngangsparti vil være uisolert og vil ha ei grunnflate på 4,5m<sup>2</sup>. I tillegg ynskjer vi å bygge ein terrasse på samme størrelse (jfr vedlagt tegning) i forlengelsen av yttergang. Tilbygget medfører ikkje nokon auke i antal sengeplasser.

Vi håpar å kunne starte bygginga våren 2023 slik at det er ferdigstilt til sesongstart sommaren 2023.

Med helsing

Bykle Fjellstyre

v/Jan D. Dalen

leiar

Tlf: 91531895


E-post: [bykle@fjellstyrene.no](mailto:bykle@fjellstyrene.no)



Vedlegg:


- Teikning planlagt tilbygg
- Kart beliggenhet hytte i Krokevasskvæven
- Kart over Bykle statsallmenning

Kredvasstuvan  
Skisse gavl mot sør






# Krokkavasskvæðan








⊗ Hytte Krokvasstjøen








# Båt- og hytteleie

## Bykle statsamenning

- Eieidomsgrænse
  - Hytte til leige
  - I Informasjon/hyklar
  - P Parkering
  - ⚓ Båtsetling
- For leige av hytte ei båt  
ring XY Bykle, #f 37938340

Juni 2009

Kartet er laga av Bykle kommune







**Verneområdestyret**  
**Setesdal Vesthei,**  
**Ryfylkeheiane og**  
**Frafjordheiane**

Postadresse  
Postboks 504  
4804 ARENDAL

Besøksadresse  
Garaneset, 4230 Sand

Kontakt  
Sentralbord: +47 37 01 75 00  
Direkte: +47

www.svr.no

## Saksfremlegg

Arkivsaksnr: 2022/8650-0

Saksbehandler: Alf Odden

Dato: 12.10.2022

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	50/22	17.10.2022

### **Søknad om dispensasjon til utbetringsiltak på drifteveg i Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde, gnr/bnr, 128/1, Hjelmeland kommune - Nilsebu og Storådalen beitelag**

Vedlegg:

- 1 Søknad om utbedring av sti Storådalen

#### **Forvalters innstilling**

I medhald av §48 i naturmangfaldslova, får Nilsebu og Storådalen beitelag dispensasjon til å gjennomføre tiltak for å utbedre driftevegen i Storådalen i Lusaheia landskapsvernområde. Tiltaka kan gjennomførast over ein samla strekning på om lag 150m, slik det er vist på kart i vedtaket.

Dispensasjonen omfattar utmeisling eller sprenging av flate for ein gangsti på ei skrå fjellhulle over ein strekning på inntil 40m. Breidda på den sprengte flata skal ikkje overstige 100cm og nedsprenginga i bakkant skal ikkje overstige 50cm. Eventuell sprengstein må ikkje ligge synleg i terrenget eller i elva. Slik stein kan eventuelt byggast inn i gangstien som leggst under fjellveggen.

Dispensasjonen omfattar opplegging av stein til ein gangsti heilt inn til fjellveggen ute i Storåna over ein strekning på inntil 100m. Breidda på gangstien skal ikkje overstige 100cm, og toppen av stien skal ikkje ligge høgare enn 50 cm over normalvasstand. Stein til stien skal hentast frå elvebredda og elveløpet. Dispensasjonen omfattar og sprenging og attfylling av hol i ei storsteina ut på ein strekning på inntil 20m.

Dispensasjonen gjeld for tre år fram til 01.11.2025.

Det vil bli gjennomført ei sluttsynfaring når tiltaka er gjennomført.



Dispensasjonen blir gjeve med desse vilkåra:


- Byggjearbeida må skje så skånsamt som råd i høve til naturomgjevnadane
- Tiltaka må arronderast slik at verknadane på landskapet blir minst mogleg
- Alt avfall frå byggjearbeida må fjernast frå verneområdet

Dispensasjonen blir grunngeve med at dei tekniske inngrepa ikkje er av eit slik omfang eller har ei slik utforming, at dei i vesentleg grad vil endre landskapets art og karrakter. Tiltaka er relativt små og berører berre ein liten del av fjellveggen der dei er planlagt. Tiltaka vil derfor være lite dominerande i landskapet og knapt synlege på litt avstand. Tiltaka i steinura vil ikkje være synleg før ein står inne i ura. Det kan derfor gis dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd. Det leggst og vekt på at bruk av dagens drifteveg litt høgare i fjellveggen kan medføre fare for liv og helse for sauesamlarane og fare for skade på beite dyra. Bruk av alternativ drifteveg som medfører to kryssingar av Storåa, er og farleg for både folk og dyr når vasstanden er høg.

Vi vil og gjere merksam på at utbetringstiltaka på driftevegen truleg vil krevje løyve frå Hjelmeland kommune. Tiltaka som ligg i Storåna vil og måtte ha dispensasjon frå Rogaland fylkeskommune etter Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag.

I medhald av kapittel III, kapittel IV, punkt 2 og kapittel VI i Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde, får Nilsebu sameige dispensasjon til motorferdsel i samband med utbetringstiltak på driftevegen i Storådalen.

Dispensasjonen omfattar inntil 6 helikoptertransportar til frakt av gravemaskin og utstyr frå Nilsebu til Storådalen. Det skal brukast landingspunkt og flygeruter som vist på kartet i vedtaket. Dispensasjonen gjeld for to dagar i tidsrommet 15.10-31.12.2022 eller eventuelt 01.07-31.12.2023 dersom tiltaka ikkje kan gjennomførast i 2022.




For helikoptertransportane gjeld desse vilkåra:

- Alle flygingane mellom landingspunkta skal skje etter kortaste rute
- For å redusere forstyrring av bufe, vilt og fotturistar, skal helikopteret så langt det er råd ikkje flyge lågare enn 300m over bakken mellom landingspunkta
- Om det blir observert villrein innanfor ein avstand på 400m frå landingspunktet skal landing utsettast til faren for forstyrring er over

Dispensasjonen omfattar motorferdsel med gravemaskin innan for ei sone som er vist på kartet i vedtaket.

Dispensasjonen gjeld for to dagar i tidsrommet 15.10-31.12.2022 eller eventuelt 01.07-31.12.2023 dersom tiltaka ikkje kan gjennomførast i 2022.





For motorferdsla med gravemaskin desse vilkåra:

- Gravemaskina skal ikkje køyrat på myr
- Alle køyrespor skal utbetrast

For landing med helikopter vil det i mange høve også vera naudsynt med løyve etter *Lov om motorferdsel i utmark*. Søknad om dette må sendast kommunen.

Etter § 10 i *Lov om motorferdsel i utmark* kan grunneigar nekte motorferdsel på sin eigedom. Om du skal lande på andre sin eigedom oppmodar vi derfor om at dykk hentar inn samtykke frå aktuelle grunneigarar.

## Saksopplysninger

### Bakgrunn for søknaden

Viser til søknad dagsett 09.10.2022, synfaring saman med søkar 21.09.2022 samt fleire telefonsamtalar med søkar.

Nilsebu og Storådalen beitelag søker om dispensasjon til å gjennomføre utbetringstiltak på driftevegen som går på sørsida av Storådalen. Denne driftevegen brukast kvar haust under sanking av sau og inneheld eit punkt på om lag 150m, kor ferdsel kan innebære fare for både folk og beitedyr. Her går ein bratt fjellvegg rett ut i elva slik at det er umogleg å komme fram langs elvebredda. Eksisterande drifteveg går på ei skrå fjellhulle oppe i fjellveggen, kor det er meisla ut nokre små trinn. Når fjellet er vått er det stor fare for utgliding, og det er døme på at sau har falt ut i elva. Alternativt kan ein krysse Storåna og passere det vanskelege punktet på nordsida av elva. Ei slik løysing inneberer to kryssingar av Storåna, noko som er vanskeleg på normal vasstand og umogleg når vasstanden er høg. Det søkast derfor om å meisle ut ein tryggare sti der fjellet er skrått, og bygge opp ein sti nede i elveløpet der kor fjellveggen er brattast.

Det søkast og om å få bygge ein gangsti gjennom ei storsteina ur over ein strekning på om lag 20m. Tidlegare gjekk driftevegen mellom ura og elvebredda, men i samband med Ulla-Førre reguleringa vart det bygd ei terskel i Storåna som hevar vasspeglen heilt opp til ura. Det er behov for å fylle att nokre av dei store hola inne i ura for å hindre at beitedyra blir sittande fast eller blir skada.





Foto av fjellhylla kor det skal meislast ut ein gangsti. Fotoretning mot aust.



Foto av strekninga det skal murast opp ein gangsti under fjellveggen. Fotoretning mot sør.





Foto av den storsteina ura. Fotoretning mot vest.

#### Formell bakgrunn for vurdering og vedtak

- Forskrift om vern av Lusaheia landskapsvernområde av 19.04.1991.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane, godkjent 2015
- Naturmangfaldlova.

#### Heimelsgrunnlag

Lusaheia vart verna ved Kongeleg Resolusjon av 19. april 1991.

Føremålet med vernet er etter kapittel III i verneføreskriftene å ta vare på eit særmerkt og vakkert høgfjellslandskap som inneheld sjeldsynte og sårbare naturelement.

Byggetiltak i verneområdet blir regulert av verneforskrifta kapittel IV, punkt 1. Her heiter det at det ikkje må gjerast inngrep som vesentlig kan endra eller innverke på landskapets karakter, og «uttak, utfylling, plassering eller lagring av masse, bortlegging av avfall, vegbygging», er særskilt nemnt. Verneføreskrifta inneheld ingen spesifikke dispensasjonsheimlar som omfattar tiltaka det er søkt om. Til dømes er tiltaket for omfattande til å reknast som vanleg vedlikehald av vegar etter kapittel V, punkt 2. Det er derfor nødvendig med ein dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova dersom tiltaka skal kunne gjennomførast.

I §48 i Naturmangfaldslova heiter det at *“Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig”*.

Rundskrivet *Forvaltning av verneforskrifter* (Miljødirektoratet 2014) gir føringer for dispensasjonsbehandling etter § 48. I følge rundskrivet må følgende to vilkår begge være oppfylt for å kunne gi dispensasjon:

1. Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiene nemneverdig.
2. Tiltaket må ikkje vere i strid med formålet med vernet.

Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert:

*”Kravet om at tiltaket ikkje skal påvirke verneverdiene nevneverdig innebærer at dispensasjonsadgangen er snever. Det kan bare dispenseres i de tilfeller tiltaket vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak”.*

I rundskrivet heter det vidare at: *”I vurdering av om tiltaket eller aktiviteten er i strid med verneformålet, er betydningen for verneformålet både på kort og lang sikt relevant. Et tiltak eller en aktivitet kan være i strid med verneformålet dersom tiltaket eller aktiviteten på sikt eller over tid kan ha negativ innvirkning på verneformålet”.*

Motorisert ferdsel i verneområda vert regulert av kapittel IV, punkt 3 i verneføreskriftene. Her heiter det at motorisert ferdsel i utmark og vassdrag, samt landing med luftfartøy er i utgangspunktet forbode. I kapittel VI, punkt 1. heter det vidare at forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til motorferdsel i utmark og vassdrag og landing med luftfartøy.

Verneområdestyret for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane har forvaltningsmynde for Lusaheia landskapsvernområde.

## Vurdering

### *Naturmangfaldlova*

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 leggest til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig myndigheit. Forvaltningsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet, vurdere søknadane etter desse paragrafane.

### *Innverknad på verneverdiar og verneføremål*

Dei planlagde tiltaka ligg om lag 790 moh nede i Storådalen, i overgangen mellom den flate dalbotn og den bratte fjellsida. I fjellsida er det mykje bart fjell med flekkar av vegetasjon. Delar av tiltaket er planlagt i eit sideløp til Storåna.

Denne delen av Lusaheia blir brukt av villreinen både sommar og vinter, særleg av bukk men det er og observert mindre forstringsflokkar. I resultatata frå NINA sitt GPS-merkeprosjekt (NINA rapport 694/2011). var ingen av dei åtte simlene som har nytta sørområdet har i Storådalen den tida dei hadde sendar (2007-2010). Nyare GPS data frå [www.dyreposisjoner.no](http://www.dyreposisjoner.no) (2011-2022) har plott frå fleire observasjonar frå området. I Norsk Villreinsenters rapport Kartlegging av villreinsens arealbruk i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (NVS rapport 6/2010) er det ikkje registrert villreintrekk ved den aktuelle staden i Storådalen. I Norsk raudliste for artar for 2021 vart villrein oppført som nær truga (NT).

Kunnskap om naturmangfaldet i området baserer seg og på Miljødirektoratet sin naturdatabase med innsyn til sensitiv informasjon ([www.naturbase.no](http://www.naturbase.no)) og tilsvarande informasjon i Temakart Rogaland. Så langt forvaltningsstyresmakta kjenner til etter søk i Naturbase, er det ikkje registrert informasjon om

prioriterte arter, trua eller nær trua arter på Norsk rødliste for arter 2021 eller andre verdifulle arter. Det er heller ikkje registrert informasjon om utvalte naturtypar, trua eller nær trua naturtypar på Norsk rødliste for naturtypar 2018 eller andre verdifulle naturtypar. Det er heller ikkje komme fram andre opplysningar som tyder på at det finns slike arter og/eller naturtypar i det aktuelle område.

Kunnskap om kulturminne i området baserer seg på Riksantikvaren sin kulturminnebase ([www.askeladden.no](http://www.askeladden.no)). Her er det ikkje registrert kulturminne som kan ta skade av motorferdsla det er søkt om.

Kunnskapsgrunnlaget (§8) som ligg føre for å vurdere dei omsøkte tiltaka si innverknad på verneverdiar og verneføremål, må derfor vurderast som tilstrekkeleg til at forvaltningsstyresmakta kan fatte vedtak i saka. §9 om "Føre var prinsippet" vil derfor bli tillagt mindre vekt i dei følgjande vurderingane.

§10 tek føre seg den samla belastninga av økosystemet i området. Storåna er regulert i samband med Ulla-Førre utbygginga og har redusert vassføring. Det er bygd fleire tersklar i åna og ein av dei ligg rett ved det planlagte tiltaket. Den merka turiststien mellom Nilsebu og Eidavatn går om lag 100m unna det planlagte tiltaket. På stien ferdast det om lag 150 fotturistar i barmarkssesongen. Det er og utført mindre sprengingsarbeide på både eksisterande drifteveg og turiststien. Det ligg tre driftehytter i Storådalen og området har noko ferdsel i samband med tilsyn og sanking av sau. Den samla belastninga på økosystemet i området må derfor karrakteriserast som moderat.

Tiltaka det er søkt om blir ikkje vurdert til å påverke landskapet sin art og karrakter i nemneverdig grad. Utsprenginga av gangstien på fjellhylla vil bli lite synleg i den store fjellveggen når ein kjem litt på avstand, til dømes frå turiststien. Oppbygginga av gangstien inn mot fjellveggen vil skje med stein frå staden og ligge lågt i terrenget, og være eit lite synleg element i landskapet. Slike inngrep vil og bli mindre synlege med tida etter kvart som fargeforskjellane mot urørt fjell blir dempa. Bygginga av terskelen vil krevje bruk av helikopter og bruk av gravemaskin i to dagar. Desse dagane vil det lokalt bli omfattande forstyrringar av villrein og anna vilt. Forstyrringane kan likevel karakteriserast som avgrensa og forbigåande, og vil skje på ei tid av året kor viltet er relativt lite sårbare for slike forstyrringar.

Etter verneområdeforvaltar si vurdering vil byggetiltaka og motorferdsla det er søkt om ha eit såpass avgrensa omfang at dei berre i liten grad føre til større belastning på økosystemet i område.

§12 omhandlar miljøforsvarleg teknikkar, driftsmetodar og lokalisering. Det er stort behov for ein betre drifteveg i denne delen av Storådalen. Eksisterande drifteveg i fjellsida er farleg for både folk og dyr, og alternativet med å krysse Storåa er risikabelt ved høg vassføring.

§11 legg til grunn at eventuelle kostnader ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar. Tiltakshavar er fullt og heilt ansvarleg for ei miljømessig god løysing.

### *Konklusjon*

Tiltaka og motorferdsla det er søkt om vil i liten grad medføre inngrep som gir nemneverdig påverknad av landskapets art og karrakter eller medføre langvarige forstyrringar av villreinen i området. Tiltaka blir derfor vurdert til ikkje å ha nemneverdig negativ innverknad på verneverdiane i Lusaheia landskapsvernområde. Tiltaket kjem heller ikkje i konflikt med verneføremålet slik at det kan gis dispensasjon etter §48 i naturmangfaldslova, første ledd. Det blir og lagt vekt på at tiltaket vil betre tryggleiken for både beitedyr og sauesamlarar.

## Søknad om vei/sti bygging i Storådalen


Nilsebu og storådalen beiter søker med dette om å legge om stien i storådalen. **godt kjent.** Tiltaket vil forenkla beitebruken i storådalen då det gjer det mogleg for oss å jage sau på sørsia av dalen. I dag må me krysse over elva for å komme oss frå den austre til vestre enden. Dette gjer at sauene «lærer» seg til å krysse elva ved låg vannstand, noko som er utfordrande ifht vandring ut av beiteområdet.

Soråna er krevande å krysse ved normal vannstand, tilnærma umogleg i tider med mykje nedbør. Dette opplever me spesielt på hausten i sanke-tida.

På vedlagt kart er det teikna fire streker. Dei to gule viser eksisterande rute. Den raude streken er det første strekket som må utbedras. Her er det snakk om ein gammal driftaveg som knapt nok er gåade under gode forhold. Her må det meislast litt i berget og murast litt i underkant av berget for og kunne passere. Den svarte streken viser den andre plassen det må gjerast tiltak. Etter at terskelen vart bygt, heva vannstanden seg såpass at den gamle driftavegen ligg under vatn (ein konsekvens av kraftutbyggjing). Her må det og murast og sprengast for og passere. Begge tiltaka vil vera svært lite synlege og tilpasses terrenget på ein god måte. **Alf Odden og Tårn Sigve Scimdt var på synfaring i området 21.09.22, og det kan nevntast at forvaltaren er godt kjent.**

Håpar på positiv respons!

Tårn Sigve Schmidt  
Arthur Egeland  
Jon Ove Mæle



**AU 51/22 Eventuelt**